



Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 DEP  
0030 OSLO

## Sunnfjord kommune - Innspel til NOU 2019:22

Sunnfjord formannskap har i møte 20.08.20 vedteke følgande høyringsinnspel til NOU 2019:22 Fra statussymbol til allemannseie – norsk luftfart i forandring:

### Innspel til NOU 2019:22 Fra statussymbol til allemannseie – norsk luftfart i forandring

*Vi viser til NOU 2019:22 Fra statussymbol til allemannseie – norsk luftfart i forandring samt til rapporten frå Luftfartstilsynet og Avinor Forslag til program for introduksjon av elektrifiserte fly i kommersiell luftfart.*

Sunnfjord kommune er vertskommune for Førde Lufthamn, og ynskjer å gje slikt innspel til rapporten, som vi ber Statsråden ta omsyn til i det vidare arbeidet med rullering av Nasjonal transportplan. Vi ber om at følgjande moment vert vektlagde, og syner vidare til høyringsuttale til NTP frå Sunnfjord kommune og Vestland fylkeskommune.

#### Klimatiltak.

For å nå måla som ligg i Paris-avtalen er det viktig at det er eit sterkt fokus på null- og lavutsleppsløysningar innan luftfarten. Vi ber om at norske myndigheter arbeider aktivt for å ha ambisjonsnivå som er i takt med FN's klimapanel. Eit viktig grep vil vere at norske myndigheter gjennom teknologiutvikling kan stimulere til utsleppsreduksjonar og meir ambisiøse nasjonale og internasjonale klimamål.

Vi syner her til **Vestland fylkeskommune** sin uttale til NTP den 12.05.20; «*Fylkestinget syner til teknologiutviklinga innan elektrifisering av luftfarten. Kortbanenettet i Vestland er godt eigna til å prøve ut denne teknologien, og Vestland fylke vil gjerne ha rolla som pilotfylke for elektrifisering av luftfarten. Vi ber om midlar til å etablere nullutsleppsteknologi innan luftfart og at Avinor prioriterer elektrifisering av utvalde innanlandsruter til og frå Flesland, slik at Vestland kan utvikle leiande kompetanse for elektrifisering av luftfarten.*»

#### Rutetilbod og flyplasstruktur.

Eit tenleg flyrutetilbod til akseptable prisar er viktig for at folk skal kunne busette seg og drive næring i distrikta, og samtidig ha god tilgang til offentlege myndigheter og andre viktige institusjoner, og handel og samarbeid med resten av landet og omverda. Førde Lufthamn er avgjerande for utviklinga i Sunnfjord og kommunane som soknar til vår flyplass.

I NOUen står det at: «*Utvalget tror imidlertid at en gjennomgang av flyplasstrukturen, med tanke på å utvide noen flyplasser og legge noen ned, kan øke interesse for rutene*».

Med mindre dette er eit lokalt ynskje, vil vi sterkt åtvare mot denne tilrådinga. Vi minner om kor viktig dei regionale flyplassane er for ei positiv utvikling, og kor viktig den er for næringslivet og offentlege instansar i Sunnfjord og på Vestlandet. Det er eit sjølvstendig poeng at dagens kortbanenett er viktig for å lukkast med overgangen til elektriske fly.

Vi syner til **Sunnfjord kommune** sin høyringsuttale til NTP den 02.04.20; «*Førde lufthamn ligg midt i*

*det sterkaste vekstområdet i Sogn og Fjordane med stor vekst i folketal, arbeidsplassar og innpendling. Sunnfjord kommune ser det som heilt avgjerande at dagens lufthamnstruktur blir vidareført.»*

Vidare viser vi til **Vestland fylkeskommune** sin uttale der det heiter at; «*Fylkestinget meiner det er viktig å oppretthalde flyrutene i distrikta og det må bli tilført tilstrekkeleg økonomiske ressursar slik at FOT-rutene kan vidareførast. Det bør opprettast nye FOT-ruter på strekningar der det ikkje lenger er økonomisk lønsamt med kommersielle flyruter.»*

Fylkeskommunen overtar no FOT-rutene, men marknaden er ikkje modent for kommersielle null- og lavutsleppsløysingar frå dette tidspunktet. Vi registrerer at det i NOUen blir anbefalt at: «*Det bør etableres en tilskuddsordning til fylkeskommuner for å dekke merkostnadene et slikt krav kan forventes å gi i en overgangsfase. Det bør i tillegg etableres en bonusordning som gir positivt utfall for leverandører dersom de faser inn lav-/nullutslippsteknologi i løpet av kontraktperioden.»*

Sunnfjord kommune støtter dette fullt ut, og viser i den forbindelse til erfaringane fylka har med store kostnader knytt til innfasing av null- og lavutsleppsløysningar for hurtigbåt og ferge. For å kunne oppretthalde eit godt flyrutetilbod i framtida til Oslo og Bergen, så må fylkeskommunen i tillegg få overført tilstrekkeleg til økonomiske rammer til å ivareta dette ansvaret.

Med helsing

Malin Solheim Moldestad  
saksbehandlar

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

**Vedlegg:**

Innspel til NOU 2019:22 Fra statussymbol til allemannseie – norsk luftfart i forandring